

Stor turutfart denne flotte haustsundagen.

22.09.2019



Stappfullt med bil ved startpunktet til Ulvanåso og kalkestasjonen.


Det har vore ein nydeleg sundag, og alle bilane som har stått parkert ulike stader opp gjennom dalen, tyder på at mange har brukt dagen til ein tur ut i den vakre naturen vår. Ein turgåar som ofte går Pålavegen, kunne fortelja at han trudde at han aldri hadde møtt så mange på denne populære veggen opp til Hauglandsfjellet og Mannsvatnet.



Det var framleis 2 telt ved Fjellandsbøvatnet utpå søndagen. Truleg var det fleire tidlegare i helga.

Det var stappfullt med bilar parkert både ved brua til Hauglandsheio og på utkøyrsla ved starten av Pålavegen. Den korte tida vi stod der, registrerte vi også fleire bilar som hadde tenkt å parkera begge stader. Vidare opp gjennom dalen talde eg til 13 bilar som var parkert ulike stader i vegkanten før Friheim.

Langs med Fjellandsbøvatnet var det sjølvsagt bilar, og ved inste enden av vatnet, på Brustøl, var det knapt 10 bilar då eg var der i 13-tida. I tillegg viste to telt at det ikkje er slutt på sesongen for tilreisande fjellklatrarar. Truleg har det vore fleire som har overnatta der frå fredag til i dag då det er vanleg at mange pakkar telta ned i bilane før dei reiser ut på søndagens tur. Dei mange bilane som var parkert langs vegen tyder også på at det har vore mange som har klatra i Ulvanåso denne fine hausthelga.



Fullt med bil ved starten av Pålavegen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland